

Emneevaluering haust 2017

SANT 302 Individuell prosjektutvikling

Emneansvarleg: Mary Bente Bringslid

Førelasarar: Mary Bente Bringslid

Emnerapporten er blitt lagt fram for og handsama i Undervisningsutvalget ved Institutt for sosialantropologi.

Emnets oppbygging

Undervisningsform: Førelesningar og seminar blir leia av faglærer, med m.a. studentane sine munnlege og skriftlege presentasjonar, samt individuell rettleiing.

Obligatoriske arbeidskrav: Deltaking i prosjektskriveseminar og innlevering av prosjektskisser undervegs.

Eksamensform: Ei prosjektskildring på 3000 ord (+/- 10%) utforma med individuell rettleiing. Prosjektskildringa skal godkjennast av ein fagkomite der det sit to personar inkludert rettleiar. Prosjektskissa blir lagt fram for ein komité for fagleg samtale om prosjektet.

Oppsummerande statistikk

Vurderingsmeldte studenter

	Undervisnings- /vurderingsmeldte	Bestått	Ikke bestått
Antall studenter	15	13	2

Evaluering av emnet

Evalueringsformer:

a) Prosessuell evaluering: Vurdering av opplegget undervegs i form av samtalar mellom student og emneansvarleg er ei natuleg evalueringsform på dette kurset. Her er også kontakten mellom faglærarar på 302 og 301 sentral for å plukke opp eventuelle problem. Studentane var generelt nøgde med den felles idémyldringa som er kvar individuelle student sitt første møte med 301 og 302, og som vi har erfart skaper god kontakt mellom studenter og lærarar.

Kontinuerleg kontakt mellom lærar og student: Kursets hovudtema, dei individuelle masterprosjekta krev, og er eit godt utgangspunkt for god kommunikasjon mellom fagleg ansvarleg og studenter. Denne kontakten kan også ta form av kommunikasjon på e-post eller samtalar med enkeltstudenter i pauser i undervisning eller som del av instituttets kvardagsliv. Det siste ligg det godt til rette for sidan masterstudentane på sosialantropologi er samlokaliserte med fagleg stab.

b) Midtveisevaluering: Ikkje relevant

c) Sluttevaluering: I staden for spørjeskjema vart det på siste samlinga sett av ein halv time til å snakke om kursopplegget og få fram studentanes synspunkt på dette. Det vart også oppfordra til

å ta opp omstende som har med SANT 302 å gjere med studentrepresentanten som kan vidareformidla det til Undervisingsutvalet (UU), dersom det var noko dei ikkje hadde lyst til å snakke om i seminarsituasjonen.

Eit tema i samtalen var dette med å komme kjapt i gang med sitt individuelle prosjekt. Ein student ga uttrykk for at den første skissa på ½ side måtte leverast litt kjapt, men dei fleste syntest det var bra at dei fekk hjelp til å komme i gang.

Studentane var nøgd med heildagsseminaret og nemnde særleg at det var fint med små grupper der fleire turde å vere med i diskusjonen.

Ein student tykte all informasjon om 302 skulle ha vore samla i eit dokument og at det burde leggest ut melding for kvar ny event.

Generelt gav studentane uttrykk for at 302 hadde vore svært nyttig for utviklinga av eige prosjekt, og at tilpassinga mellom 302 og 301 no fungerer godt.

Pensum

Kurset har ikkje ordinær felles pensumliste, men kvar student får hjelp med å utvikle oversyn over og innsyn i litteratur som er relevant for det individuelle prosjektet. Kurset har eit felles pensum på ca 200 s. der viktige fagetiske dokument blir presenterte.

Dei blir dessutan tilrådd å lese N. Konopinski: *Doing Anthropological Research*, ei bok der dette med å utvikle eit antropologisk prosjekt er tema.

Opplevd læringsutbytte

Studentane gav uttrykk for å vere nøgde med seminaret som hjelp til å utvikle eige prosjekt.

Oppfølging

Det er viktig å fortsetje å arbeide for den gode kontakten med kvar student. Det er også viktig at vi kvart semester ser 301 og 302 i forhold til kvarandre, f. eks tidsmessig. Vi vil også gå gjennom nettpresentasjonen av SANT 302 for å sjå om det er om noko som bør betrast.